Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Fjell

Emne: Ting til legedom og vern mot sjykdom | Bygdelag:

Oppskr. av: Hans O. Nordvik | Gard: Nordvik

(adresse): Nessjöen | G.nr. 4 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det har ikkje vore vanlegt her, at folk har brükt ringer til vern eller lekedom mot verk og sjukdom.
Har berre sett ein mann, (aldre mann) som bar ein glatt güllring på högre langfinger, og det var til lekedom mot gikt.
Han tykte og det hjelpte.
Likeeins har eg sett ei aldre kona her, som bar ein ring av tjuk kopartråd rundt högre omleden.
Det var og til vern og lekedom mot gikt.
Ho påstod og, at han hjelpte, og vilde ikkje vara han foruten.
Dette er det eg veit om vernande og lekjande ringar mot gikt.
Elektriske belte eller andre av dei ting, som er nemnd

9898

i spörreskjema er ikkje kjendt her.

14.
Det har hendt ein gong, at eg har sett ein mann som bar överingar.
Den mannen var fra Telavåg i Sund, altso naboherredet til Fjell. Difor tek eg det med her.

Han bar ein sölvring i kvart öra, omlag so stor, at ein kunde stikka eit ustöre gjennom han.
Ringene var cirkelrunde, og var festet i hull gjennom öreflippen.
Kven som stakk hullene veit eg ikkje.
Det var visst til vern mot hovudverk.
Det var i 1909 eg såg mannen bar överingane.
Det er ikkje noko fellesnamn på slike ting her i bygda.

Unge jenter (damer) har i sinste tid teke til å bruka noko i öyra dei kalla öreklips.
Det gjelder vår bygd og; men kva det skal vara godt for, får stå ubesvart.

9898

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING